

Møtereferat

Deltakarar:

Gunn Mongstad- Solund kommune, Petter Sortland – Høyanger kommune, Martin Lundgård – Askvoll kommune, Ole Andre Klausen – Askvoll kommune, Kjetil Felde - Fjaler kommune, Ola Hovland – Fjaler kommune, Robert Brennersted - HFD, Kjartan Kristiansen Heggø - HFD, Stian Sægrov - HFD,

Forfall: Kjell Eide, Hyllestad kommune, Tom Guldhav - HFD

Kopimottakarar:

Arve Varden

Møteleiar: Stian Sægrov

Møtedato: 31.08.2023

Klokkeslett: 13.00-14.30

Møtestad: Teams

Arkivref: 2022/7391 - 38014/2023

Referat - halvårleg evaluering av utvikling av tilbodet innan dei prehospitala tenestene

Emne
<p>Velkomen / frammøte</p> <p>Helse Førde ønska velkomen til møte ang halvårleg evaluering av tilbodet innan dei prehospitala tenestene.</p> <p>Kort presentasjonsrunde.</p> <p>Helse Førde hadde noko fråfall grunna besøk/møte med Helse Vest RHF og sjukdom.</p> <p>Nokre av dei kommunale representantane var til stades i delar av møte.</p>
<p>Bakgrunn for møte</p> <p>Helse Førde orienterte kort om bakgrunn for møtet med å vise til styresak 073/21 i om prehospital plan fase 3 og intensjon om tett dialog med halvårleg evaluering med aktuelle kommunar.</p> <p>Helse Førde la fram ei orientering i styresak i februar 2022, og planlegg for ny halvårleg løypemelding i september/oktober 2023. Helse Førde og Askvoll kommune hadde eit første møte i desember 2022. Resterande endringar/justeringar i prehospital plan er sett i drift, m.a. endringa i Fjaler frå to døgn – til ein døgn og dagambulanse. Av den grunn er Fjaler, Solund, Hyllestad og Høyanger invitert med no.</p> <p>I møte gjekk ein gjennom styrevedtaket og endringane beskrive i punkt 1, 2, 4 og 5. Sjå presentasjon. I punkt 5 kjem vedtaket om halvårleg evaluering av utviklinga av tenestetilbodet som skal skje i dialog med kommunane.</p>
<p>Om henting av verksemdsdata og statistikk</p>

Frå 1.7.2022 har ambulansetenesta tatt i bruk elektronisk ambulansejournal, saman med resten av tenestene i Helse Vest. Alle data vert no henta frå dette systemet og datavarehuset i Helse Vest. Helse Vest utviklar eit rapportsender for styringsdata som no er i testfase. Data som blir presentert er frå 1.1.2023. Det er vanskeleg å framskaffe/utlevere data på same detaljnivå (grende-nivå) som tidlegare, i og med at desse data no er kopla mot person/pasientopplysningar.

Luftambulansetenesta har også gått over til nytt system for rapportering. Vi er ein overgangsfase, som har gjort det krevjande å kunne framstille og samanlikne data frå 2022 til 2023. Dette vil no betre seg når løysinga vert produksjonssett. Dersom ønskeleg med data for luftambulanse, ber ein om konkret informasjon om kva som er behovet, då dette er ressurskrevjande å hente ut.

Endringa for båtambulanse

Den største endringa i prehospital plan var omlegging frå tre til to ambulansebåtar, lokalisert til Hardbakke og Solund, samt Florø i Kinn. Båtane var nybygde katamaranar med større lengde og breidde, og auka medisinsk kompetanse med til ei kvar tid medisinsk bemanning som på bilambulanse. Endringa tredde i kraft 1.5.2022.

Fartøya har vist seg som gode sjøbåtar som kjem seg fram. Dei er prøvd ut i hardt vær og grov sjø. Fartøya har fått utvida sertifikat og den høgaste kapasiteten for å gå i dårleg vær blant ambulansebåtar i Norge.

Helse Førde opplever at endringa har vore vellykka og godt fungerande. Det har ikkje vore behov for å setje i drift tredje båt med omsyn til ekstremvær. Tilsette som jobbar på båtane er fornøyde. Det er eit lågt tal samstundeskonflikter og aktiviteten er som venta i Solund. Opplever at skepsisen blant øybefolkninga har dreia seg til positiv tilbakemeldingar ettersom båtane i praksis har vist seg å fungere etter intensjon. 1.5.2022 vart det og etablert beredskapsferje for Askvoll – Gjervik. Det vart og plassert ut beredskapsambulanse i Askvoll, som til no ikkje har vore brukt til oppdrag.

Det er ikkje mottatt klager på tilbodet sidan førre evaluering.

Endringane for bilambulanse

Lavik fekk tilstedevakt på stasjon 13.02.2023. Frå same dato vart Fjaler som hadde to døgnbilar, redusert dette til 1 døgn og 1 dagambulanse alle dagar, kl. 08-20.

Tilsette i Fjaler og Lavik er no organisert som ei personalgruppe, kor dette var definert som ei omstilling for personell frå Lavik. Personell jobbar alle vekselvis i Dale og Lavik. Alle vaktstart og vaktslutt i Dale i nytt beredskapsbygg med moderne fasilitetar.

Erfaringane frå dei tilsette med tanke på omstillingsprosess og redusert beredskap skal evaluerast i personalmøte seinare i haust. Ved førre personalmøte var endringa for nær i tid.

Helse Førde vurderer at endringa har fungert slikt tenkt. Det står att å få evaluert endringa saman med tilsette. Det er ikkje rapportert om samstundeskonflikter og talgrunnlag gir ikkje grunn for å tru at tilbodet har endra seg. Helse Førde ser at behovet for kapasitet er størst på dagtid. Pågåande vegarbeidet på RV 609 og RV 57 har ikkje påverka akuttberedskapen.

Det er ikkje mottatt klager på tilbodet sidan førre evaluering.

Innspel /erfaringar frå kommunane etter endringane:

Solund: Innleiingsvis noko spenning blant befolkninga knytt til ny operatør, dette med lokalkunnskap, stort fartøy osv. Tilbodet har vist seg å fungere bra. Det er kome på plass ny stasjon og ny kai. Opplever god samhandling mellom mannskapet på båt og kommunalt helsepersonell.

Høyanger: Opplever ingen endring for kommunen sin del. Tilfredse med den beredskapen som er i kommunen og er glad for at løysinga i Lavik vart oppretthalde. Kommunen har bidratt for å få på plass gode stasjonsfasilitetar i Høyanger og vil som planmyndigheit vere bidragsytar for at stasjonen i Lavik kan kome på plass i den prosessen som pågår.

Fjaler: Kommunen har ikkje opplevd særlege endringar eller fått tilbakemeldingar frå publikum eller tilsette på endringa. Var spent på om endringa ville merkast i tilbodet for nærhet og responstid. Som dei andre kommune opplever dei at tilbodet fungerer godt. Kommunen ønsker gjerne å vite korleis dei tilsette i ambulansetenesta lokalt opplever endring.

Askvoll: Kommunen var negativ til endringa og var og skeptisk til reduksjonen i beredskap i Fjaler. Kommunen er av dei involverte kommunane her den som er ribba for ressursar og er «responstids-taparen» i denne omlegginga. Er opptatt av gode løysingar for øyfolket og m.a. transportløysing på øyane og at den vedtekne endringa likevel skal fungere. Beredskapsferje har fungert bra, nokre spørsmål i oppstartsfasen med ferjeturar som vart innstilt dersom ambulanseoppdrag. Behov for informasjonstavle på kai ? Kommunen lurar og på moglegheit for transportløysing for pasientar som skal i retur til øyane etter legebepesøk etter siste ferje er gått.

Responstider

For Hyllestad, Høyanger og Fjaler er responstidene godt stabile og uendra samanlikna med i 2022. Talgrunnlaga er små og variasjonar vil lettare kunne oppstå. Det vart illustrert/demonstrert i møte korleis ambulansetenesta jobbar for å kvalitetssikre eigne talgrunnlag opp mot kva ressursar som har utført oppdraga. M.a. for å identifisere feilkjelder eller feilføringar.

I Solund og Askvoll er responstida auka i 2023. Dette har mest truleg samanheng med at ny journalløysing tel med alle oppdrag, også ambulansebåt-oppdrag som i nasjonale tal ekskluderast. For Askvoll vil ferje-oppdrag med bilambulansetil Atløy gi noko lenger responstid enn tidlegare bruk av båt i Askvoll. Tidsbruk for oppdrag i Askvoll(fastland) er lik tidlegare.

Sjå vedlagt presentasjon for tal. Det vil bli gjort grundigare analyser når styringsdata er produksjonssett og ikkje lenger er i testversjon.

Belastningsrapport

Det vart vist tal og statistikk på belastning på dei ulike ambulanseressursane fordelt på stasjon, eller ambulanseressurs, fordelt på døgnkurve.

Eigne rapportar for vekedagar og helg. Tenesta har større belastning på natt i helg. Dagbilar har høgast belastning på dagtid, ved stasjonar som har døgn og dagbil. Dette for å skåne ressursen som har døgnvakt.

Samanlikna med resten av helseføretaket ser ein at stasjonane i dette område har om lag lik belastning som snittet av Helse Førde. Høg grad av belastning vil auke grad av sannsynleghet for samstundes-konflikt og ev økning i responstider. Såleis er denne rapporten viktig for å måle grad av ledig kapasitet (beredskap).

Talgrunnlag ligg ved presentasjon:

Ambulanse - tal oppdrag er per kommune. Tal oppdrag er totalt utførte oppdrag i kommune og ikkje per stasjon. Tal oppdrag omtalt som utval er akuttoppdrag.

Sjuketransport – gjennomgang av tal og utvikling i bruk av kvit bil. Denne ressursen leverer primært pasientar frå FSS tilbake i kommunane. Til og med august levert 37 pasientar i HAFS kommunane og henta 9 pasientar. Dette avlastar bruken av akuttressursar.

Beredskapsferje Askvoll- Atløy - tal over ekstraferje-oppdrag ligg ved. Variere mellom 0-4 oppdrag per måned.

Risikoanalyse

Helse Førde vil basere evaluering av endringane ut frå risikoanalyse og dei identifiserte risikoområda: responstid, samstundeskonfliktar, infrastruktur, ekstremvær, storulykker, kompetent personell, medarbeidarkvalitet, medverknad frå andre aktørar i den akuttmedisinske kjeda.

I møte gjennomgjekk ein oppsummering og moment.

Det var ikkje merknadar til framlegget, sjå vedlegg i presentasjon.

Samarbeidsprosjekt – utvikling av tenestetilbodet

I evaluering av utvikling av tenestetilbodet skal ein identifisere forhold som kan utvikle samarbeidet i dei prehospitale tenestene.

Helse Førde orienterte om at Helse Vest har fått eit tilleggsoppdrag frå HOD som med frist til 20.12.2023 skal levere innspel til stortingsmelding innanfor prehospital område. Om kommunane har innspel til samarbeid innanfor tenesteområde – ber vi om innspel til dette.

Dette vil og bli presentert i akuttmedisinsk samhandlingsmøte i slutten av september.

Andre forhold

Askvoll kommune etterspør framdrift på lokale løysingar på øyane, basert på tidlegare korrespondanse. M.a. plassering av bil på øyar, fending av kaier, suppleringsambulanse. Avklare status på akutthjelpar-ordning.

Aksjonspunkt:

- Neste møte - starten av februar 2023
- Vurdere utviklingsområde for samarbeid mellom Helse Førde og kommunane
- Melde inn ønske eller behov for rapportar / tal for t.d. luftambulanse
- Til neste møte sender Helse Førde ut tal/statistikkgrunnlag i forkant av møte
- Kommuner som ev ønsker detaljert talgrunnlag for sin kommune tek kontakt med Helse Førde for å avtale eige møte.
- Askvoll kommune får tilsendt utkast til regional avtale for suppleringsambulanse
- Dialog mellom Helse Førde og Askvoll for å avklare forhold på øyane.

referent